Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 16.01.202416.01.2024
Vår ref: 2019/6910
Dykkar dato:
Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Grete Hamre, 5764 3141

Pelagioa Måløy Sildoljefabrikk
Postboks 444
5805 Bergen

Rapport etter tilsyn ved Pelagia Måløy Sildoljefabrikk
Kontrollnummer: 2023.021.I.SFVL

Kontaktpersonar ved tilsynet:

Frå verksemda:
Geir Anders Slettebakke - produksjonssjef
Bjørn Tungevåg - påtroppande fabrikksjef
Marion Fivelstad - HMSK-leiar
Trond Kråkenes - bedriftselektrikar
Asbjørn Myklebust - vedlikehald
Stig Morten Jacobsen - avtroppande fabrikksjef

Frå statsforvaltaren i Vestland:
Tonje Olsen Totland
Grete Hamre

Resultat frå tilsynet

Denne rapporten gjeld resultatet frå tilsynet ved Pelagia Måløy Sildoljefabrikk 26.10.2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Tilsynet var ei oppfølging av systemrevisjonen Statsforvaltaren gjennomførte i mai 2021. Då avdekka vi eit alvorleg avvik knytt til internkontrollen. Føremålet med tilsynet var å gå gjennom internkontrollen og kontrollere korleis verksemda har handtert avviket.

Oppfølginga etter tilsynet er nærare omtalt frå side 3.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Grete Hamre
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til: Kinn kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Pelagia Måløy Sildoljefabrikk	
Organisasjonsnr.: 974094312	**Eigd av:** 989094823

Kontrollert eining

Namn: Pelagia Måløy Sildoljefabrikk	**Anleggsnr.:** 4602.0171.01
Kommune: Kinn	**Fylke:** Vestland
Løyve gitt: 24.10.2007	**Sist endra:** 08.12.2009

2. Bakgrunn for tilsynet

Føremålet med tilsyn er å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne.

Dette tilsynet vart i hovudsak gjennomført for å følgje opp korleis verksemda har handtert avvik som vart avdekka ved systemrevisjonen i 2021. Verksemda fekk då eit alvorleg avvik knytt til internkontrollen.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Tema som vart omtala under tilsynet:

- Internkontroll
- Prosess og reinseutstyr
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Avfall
- Kjemikal

Rapporten gjeld i hovudsak oppfølginga av korleis verksemda har følgt opp avvika som vart avdekka under revisjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar
Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under tilsynet og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under tilsynet, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter tilsynet

Verksemda er i ferd med å lukke det alvorlege avviket, men de er ikkje heilt i mål enno. Statsforvaltaren ber difor om ein statusrapport innan **01.03.2024**.

Vi ber om at de merker svarbrev eller e-post sfvlpost@statsforvaltaren.no med saksnummeret som står øvst på første side

4. Vedtak om gebyr

Verksemder skal betale gebyr for tilsyn utførte av Statsforvaltaren. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av tilsynet.

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda i e-post datert 18. oktober 2023.

Ut frå forventa ressursbruk må Pelagia Selje betale eit gebyr på kr 22 500,-
for tilsynet, jf. forureiningsforskrifta § 39-3. Dette beløpet svarer til gebyrsats 3 for tilsyn som varer ein dag. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa.

Klagerett
Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og på nettstaden www.norskeutslipp.no.

6. Avvik

Vi fann ingen nye avvik frå forureiningsregelverket under tilsynet.

7. Andre tilhøve

Endringar i fabrikkleiinga: Sidan revisjonen i 2021 har det vore ein del endringar i fabrikkleiinga. Dette gjeld både fabrikksjef, produksjonssjef, HMSK-leiar og vedlikehaldsleiar.

Nytt internkontrollsystem: Verksmeda har alt gått over til å nytte QMS, men vil likevel innføre eit nytt system (TQM) som vert også nytta av dei andre verksemdene i Pelagia , og som er eit meir brukarvenleg elektronisk system. Det vert utarbeidd felles retningsliner for Feed-divisjonen og eigne prosedyrar for det lokale anlegget. Implementering av nytt system må koordinerast med hovudkontoret i Bergen. Statsforvaltaren ynskjer ein statusrapport for dette arbeidet innan **1. mars 2024.**

Nytt brensel til fyrkjelane: Verksemda arbeider med å kunne ta i bruk lakseolje som brensel til fyrkjelane i tillegg til fyringsolje. Målsetninga er å kunne nytte størst mogleg del lakseolje. Det er montert nye brennarar tilpassa nytt brensel. Verksemda ventar på godkjenning frå Mattilsynet for det oppgraderte anlegget. Verksemda har sendt inn eit oppdatert meldeskjema etter kapittel 27 i

forureiningsforskrifta til Statsforvaltaren. Vi opplyste om at ein annan sakshandsamar hos oss skal ta over oppfølginga av mellomstore forbrenningsanlegg.

Energisparing: Verksemda har innført ein del energisparetiltak, m.a. installering av varmepumper og å nytte overskotsenergi frå t.d. røykgass til forvarming av vatn.

Informasjon om ny BREF og BAT-konklusjonar: Statsforvaltaren informerte om den nye SA-BREF-en og BAT-konklusjonane for bransjen. SA-BREF-en vart vedteken i EU-kommisjonen 18. desember 2023. Vi vil komme tilbake til korleis miljøstyresmaktene kjem til å følgje opp dei nye/endra krava.

Vassovervaking Måløy Hamn: Verksemda tek del i overvakingsprogrammet etter vassforskrifta som styresmakta har pålagt og som no blir gjennomført i Ulvesundet.

Utslepp til luft: Verksemda får stadig inn klager på lukt, stort sett frå naboar i Ivahavet og på Kulen. I følgje utsleppsløyvet har verksemda lov til å sleppe ut lukt inntil ei viss grense. Lukt kan stamme frå råstoff av dårleg kvalitet, men det kan også vere hendingar knytt til produksjonen som kan gi høge luktutslepp. Under tilsynet diskuterte vi gode måtar å kommunisere med naboar på, m.a. informasjon i førekant ved oppstart av produksjon, mottak av råstoff av dårleg kvalitet eller dersom det oppstår hendingar som kan føre til luktutslepp. Vi viste til føredraget som Karina Ødegård heldt under «Forureiningsveka» som Statsforvaltaren skipa til i september 2023.

Utslepp til vatn: Både verksemda sjølv og Statsforvaltaren får inn klager på utslepp av feitt som grisar til strender, båtar og tauverk i hamneområdet i Måløy/Deknepollen. Slike klager kjem stort sett om sommaren når det er varmt og mykje aktivitet ute. Feittutslepp i varmt vêr fører også til luktproblem. Sjølv om verksemda sine aktivitetar i dei aller fleste tilfella ikkje er årsaka til utsleppa, er det likevel viktig at de har kontroll på dei aktivitetane som kan føre til slike utslepp, jf. miljørisikovurderinga.

8. Dokumentunderlaget

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Utsleppsløyvet

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Nytt elektronisk internkontrollsystem

9. Informasjon til verksemda

Regelverket vi informerte om:

- Kommande BAT-referansedokument (BREF) og BAT-konklusjonar for slakteri og produsentar som nytt animalske biprodukt (SA)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)